

LM17-13 Tuftbrigde

Kva gjeld saka

* Landsmøtet handsamar innkomne framlegg til brigding av tufta.

Saksutgreiing

* Det har kome inn fem framlegg innan fristen 16.02.17.

Framlegg til vedtak

* *Landsmøtet handsamar framlegga i tråd med oppsett køyreplan.*

Framlegg til tuftbrigde:

| | | | |
|----------------------------------|---|------------------|-------|
| Nr: | LM17-13 1 A | | |
| Fremja av: | LST | | |
| Linenummer/ paragraf: | Føremål | | |
| Framlegg: | <p>Legg til: «, at fleire skal velja å skriva nynorsk» slik at avsnittet vert:</p> <p>Norsk Målungdom arbeider for at alle i Noreg skal ha høve og rett til å skriva nynorsk, at fleire skal velja å skriva nynorsk og å fremja nynorsk, dialektbruk og språkleg mangfold på alle samfunnsområde. Me organiserer ungdom til å gå føre i dette arbeidet.</p> | | |
| LST-innstilling | Primært: Tilrådd avvist Sekundært: Tilrådd vedteke om 1B fell | | |
| Hjelpefelt | Eg er FOR | Eg er MOT | Notat |

| | | | |
|----------------------------------|--|------------------|-------|
| Nr: | LM17-13 1 B | | |
| Fremja av: | LST | | |
| Linenummer/ paragraf: | Føremål | | |
| Framlegg: | <p>Legg til: «, at fleire skal velja nynorsk» slik at avsnittet vert:</p> <p>Norsk Målungdom arbeider for at alle i Noreg skal ha høve og rett til å skriva nynorsk, at fleire skal velja å skriva nynorsk og å fremja nynorsk, dialektbruk og språkleg mangfold på alle samfunnsområde. Me organiserer ungdom til å gå føre i dette arbeidet.</p> | | |
| LST-innstilling | Samrøystes tilrådd vedteke | | |
| Hjelpefelt | Eg er FOR | Eg er MOT | Notat |

| | | | |
|----------------------------------|---|------------------|-------|
| Nr: | LM17-13 2 | | |
| Fremja av: | SST | | |
| Linenummer/ paragraf: | Flytting av avsnitt | | |
| Framlegg: | Flytt: <i>punktet om «Nynorske kvalitetar» til over demokrati-punktet.</i> | | |
| LST-innstilling | Samrøystes tilrådd avvist | | |
| Hjelpefelt | Eg er FOR | Eg er MOT | Notat |

| | | | |
|----------------------------------|--|------------------|-------|
| Nr: | LM17-13 3 A | | |
| Fremja av: | SST | | |
| Linenummer/ paragraf: | Nynorske kvalitetar | | |
| Framlegg: | <p>Legg til i byrjinga av avsnittet: <i>«Då Ivar Aasen forma ut nynorsken, var eit berande prinsipp at språket skulle byggja på folket sitt talemål.»</i> Avsnittet vert då slik:</p> <p>Då Ivar Aasen forma ut nynorsken, var eit berande prinsipp at språket skulle byggja på folket sitt talemål. Nynorsken knyter dei norske dialektane saman til ein skriftleg fellesskap, bygd på innbyrdes likeverd og respekt. Det munnlege og klåre stilidealalet gjer nynorsken enkel å forstå, og språket lyfter fram det rike ordtilfanget i dei norske dialektane. Ein særskilt kvalitet ved nynorsken er at han dannar eit lettlaert og fylgjerett system av dei mange dialektvariantane i Noreg.</p> | | |
| LST-innstilling | Samrøystes tilrådd avvist | | |
| Hjelpefelt | Eg er FOR | Eg er MOT | Notat |

| | | | |
|----------------------------------|--|------------------|-------|
| Nr: | LM17-13 3 B | | |
| Fremja av: | SST | | |
| Linenummer/ paragraf: | Nynorske kvalitetar | | |
| Framlegg: | <p>Legg til i byrjinga av avsnittet: <i>«Der ein i andre land har bygd skriftspråket på eliten sitt språk, ville Aasen at me skulle byggje det norske skriftspråket på folket sitt talemål.»</i> Avsnittet vert då slik:</p> <p>Der ein i andre land har bygd skriftspråket på eliten sitt språk, ville Aasen at me skulle byggje det norske skriftspråket på folket sitt talemål. Nynorsken knyter dei norske dialektane saman til ein skriftleg fellesskap, bygd på innbyrdes likeverd og respekt. Det munnlege og klåre stilidealalet gjer nynorsken enkel å forstå, og språket lyfter fram det rike ordtilfanget i dei norske dialektane. Ein særskilt kvalitet ved nynorsken er at han dannar eit lettlaert og fylgjerett system av dei mange dialektvariantane i Noreg.</p> | | |
| LST-innstilling | Samrøystes tilrådd avvist | | |
| Hjelpefelt | Eg er FOR | Eg er MOT | Notat |